

Årsmelding 2022



Årsmelding- Flora Hestesportklubb 2022.

Innholdsfortegnelse:

- Sakliste for årsmøtet
- Lederen har ordet
- Styrets sammensetning
- Møter og tilstelninger
- Utdanning
- Medlemskontingent, mottatte midler, og tilskudd
- Anlegg
- Ansatte
- Stevner
- Vedlegg
 1. Regnskap 2022
 2. Budsjett 2023



Saksliste og saksdokument for årsmøte i Flora Hestesportklubb 23.03.23

Styret viser til innkalling til årsmøte sendt på epost og publisert på facebook

Årsmøtet avholdes den 23.03.23 på Sunnfjord Hestesportsenter i klubbhuset kl 19.

Under følger saksliste for årsmøtet.

Saksliste

Sak 1: Godkjenne dei som har stemmerett

Sak 2: Valg av dirigent

Sak 3: Valg av protokollfører

Sak 4: Val av 2 personar til å skrive under protokollen

Sak 5: Godkjenne forretningsordenen

Sak 6: Godkjenne innkallinga

Sak 7: Godkjenne saklista

Sak 8: Handsame årsmeldinga for 2022

Sak 9: Handsame rekneskapen for 2022 i revidert stand

Sak 10: Innkomne saker

Sak 11: Fastsetje medlemskontingenten for 2024

Sak 12: Vedta budsjettet for 2023

Sak 13: Handsame klubben sin organisasjonsplan

Sak 14: Val

Sak 15: Avgjere om det skal engasjerast revisor til å revidere rekneskapen

Eventuelle saker må være styret i hende innen 09.mars. Epost: hestesportsenter@gmail.com

Endelig saksliste legges ut 16.mars 2023 sammen med årsmelding og rekneskap.

Lederen har ordet



Det er tid for å oppsummere året 2022 for Flora Hestesportklubb.

Det har vore eit travelt år der mykje har skjedd både på stallen og senteret vårt og på stemnefronten. Vi har streva ein del med likviditeten deler av 2022 da det har vore ein del heilt nødvendige tiltak på vedlikeholdsfronten. Men ting løsna sakte men sikkert mot slutten av året.

Det har vore gjort ein enorm dugnadsinnsats dette året. Der vi har rive den gamle brakka, rydda for meir paddocker, reparert gamle paddocker osv. I tillegg kjem den daglige drifta med all administrasjon den drar med seg. Det er ikkje lite timar som skal til her heller.

Vi fekk sendt inn 4 søknader om støtte i løpet av 2022 og 2 fekk vi også positivt svar på i løpet av 22. Og like over i 23 fekk vi og positivt svar på dei 2 andre. Det er utrolig kjekt når innsatsen vi legg ned i desse får så god gjennomslagskraft. Det gir ein motivasjonsbust som er heilt nødvendig 😊

For min egen del var det og travelt på stemnefronten i 22 og eg og Lyheims Leik henta heim ein cup siger og ein

2 plass i BUF i 2022. Lindy fekk eit nydelig føll i mai 22 som dessverre måtte avlives i juli så det vart ein stor nedtur.

Ellers vil eg trekke fram det gode samholdet eg føler vi har rundt gjengen vår når vi er rundt på stemner og kurs som eg sette stor pris på og som andre og legge merke til. Dei unge utøvarane våre er veldig flinke å heie på kvarandre, hjelpe kvarandre og oppmuntre kvarandre. Det håper eg vi fortsette med.

Lucinda

Styrets sammensetning i 2022

Styret har avholdt 9 fysiske styremøter i arbeidsåret 2022 og hatt ein del behandling av saker via vår styreside på facebook, hvor vi har jobbet med hastesaker som ikkje kan vente til styremøtene. I utgangspunktet har styret møte 1 gang pr mnd, med litt sommarferie.

Styret har bestått av:

Leder	Lucinda Bjørnset Reksten	på valg 23
Nestleder	Britt Sofi Terøy	på valg 23
Kasserer	Bodil Hovland Øren	på valg 23
Styremedlem	Vilde Gjervik Kvalsvik	på valg 24
Styremedlem	Elisabeth Løseth Østvik	på valg 23
Styremedlem	Linnea Smelvær	på valg 24 (ungdomsrepresentant)
Varamedlem	Sunniva Solheim	på valg 23
Varamedlem	Malin Bogen (utgjekk frå juli 22)	på valg 23

Møter og tilstelninger

Vi arrangerte årsmøte for året 2021 den 24 mars 2022 i klubbhuset.

Utover det har vi hatt nokre oppstallørmøter og eit par større dugnader. Dei største dugnadene i 2022 var for å reparere paddockene vi allereie hadde. Men i tillegg blei det rydda godt opp nede ved ridehallen slik att vi fekk laga ein stor paddock der. Vi lagde også ein paddock på framsida av stallen framfor klubbhuset. Vi fekk fjerna den gamle rotne brakka øst for klubbhuset og forlenga paddockområdet der den stod.

4 desember arrangerte vi nissefest med ridning, vognkøyring, nissegrøt, kos med hest osv.



Utdanning – rideskole – rideleir - teknisk personell

Klubben har drevet rideskole hele året, med ca 20-25 elever i uka, oppstart i januar. Linn Therese Grytten var instruktør i rideskolen mandager fram til juni, mens Helene Amodt blei erstatta av Andrea Nordal og Elise Æsøy frå februar 22 fram til sommaren. Fabiola og Lucinda hadde gruppa med dei mest erfarne elevane frå Helene reiste og fram til sommaren. Frå høsten 22 har Raket Øren hatt rideskolen mandager og Karoline Bjørnset tirsdager. Onsdagen har hatt litt forskjellige instruktører. Christina Papenmøller har hatt gruppen mest fram til jul. Rideskolen har hatt ganske stabilt antall deltakere heile 2022.



Vi har arrangert 3 rideleirer i sommar fordelt på 3 veker med dagleir dei 3 første vekene i sommarferien. Karoline Bjørnseth og Raket Hovland Øren var instruktører på desse leirene og gjorde ein kjempeflott innsats.

Vi hadde også ei sprangleir i august som var bra antall deltakere på.

Vi har litt utdanna teknisk personell, men vi treng fleire. Dette er noe klubben må jobbe vidare med i årene som kjem. Rytterkrinsen har refundert opptil 50% av kostnadene for utdanning av teknisk personell.



Status Teknisk Personell tilknytt klubben pr 31.12.2022:

- 2 x Sprangdommer 1 (Lucinda og Fabiola)
- 1 x Sprang stildommer 1 (Fabiola)
- 1 x Banebygger 1 (Lucinda)
- 1 x Trener 1 (Fabiola)
- 1 x Steward 1 (Stine)

Medlemskontingent, mottatte midlar og tilskot

Det kom inn kr 28 950 i medlemskontingent i 2022.

Vi mottok kr 41 161,90 i «Grasrotmidler» fra Norsk Tipping AS.

Vi fikk kr 206 670 i ulike tilskudd i 2022. Sponsorinntekt i 2022 blei på 45 000kr.

Av tilskot så fekk vi tildelt 50 000 kr til prosjektet vårt lys på ute bana. Vi fekk også tildelt, men ikkje utbetalt i 2022 midlar frå Gjensidigestiftelsen på kr 50 000 kr til prosjektet Aktivitetsdag med hest i fokus som pågår no i 2023. Vi fekk tildelt midlar frå Sparebankstiftelsen Sogn og Fjordane til å fullfinansiere kjøp av masse nytt hindermateriell våren 2022.



Vi leverte 2 søknader på tampen i 2022 som vi har fått positivt svar på og utdelt i 2023. Dette er midler til kjøp av sikkerhetsutstyr som hjelmer, vester og stighbøyler frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og kjøp av dressurail og meir hindermateriell frå Sparebanken Vest

Anlegg

Anlegget vårt bære preg av å ha behov for påkostninger og vedlikehold Her er det ein stor jobb å gjøre framover. Vi har gjort mykje, men enda meir står igjen. Vi er heilt avhengige av en del sponsormidler/støtte for å finansiere det som skal utføres av vedlikehold.

Litt av det vi har fått ordna i 2022er:

- Rivd brakka ved siden av klubbhuset
- Rydda vest for ridehallen
- Laga 3 nye paddocker
- Reparert alle dei «gamle» paddockane
- Påfyll av sand i ridehallen
- Kjøpt 1 ny skulehest og lånt 2 nye skulehester
- Kjøpt masse nytt hindermateriell
- Påbegynt arbeid mot å få lys på utebana
- Vaska og mala ein del bokser



Ansatte

Celina Osland Dåvøy blei ansatt som lærling hos oss høsten 2020 og har jobba hos oss heile 2021 og fram til midten av august 2022 kor ho tok fagprøva i hestefaget og bestod denne. Anette Solheim begynte å jobbe for oss etter att Celina var ferdig.

Stevner

I 2022 avholdt vi 1 D-stemne i dressur, og 3 D-stemne i sprang. Det ene stemnet var slått saman både dressur og sprang på samme tid og vart eit bra stort stemne. På D-stemne sprang i oktober inngjekk også KM Sprang individuelt for Sogn og Fjordane Rytarkrins. I tillegg arrangerte vi 3 klubbstemne i sprang, ett i mai, ett i juni og ett i november. Klubbstemnet i november var rekordstort med mange deltakere både i bom på bakken og i kjepphestkonkurranse.

Antall startende på klubben sine stevner i 2022:

Klubbstemne Sprang 8 mai – 16 starter



Klubbstemne Sprang 8 mai – 12 starter

Klubbstemne Sprang 19 november – 38 starter (12 starter på kjepphest, 20 starter på bom på bakken)

D-stemne sprang/Dressur 9 og 10 april - 51 starter på sprang og 40 starter på dressur

D-stemne sprang 24 og 25 sept – 49 starter

D-stemne sprang med KM 22 og 23 oktober – 45 starter



Litt stemnestatistikk

Antall ganger klubbens ryttere har startet på stevner					
	L-stemne	D-stemne	UK-stemne	K-stemne	Total
Gren					
Dressur	15	67	4		86
Køyring		10			10
Sprang		118	1	20	139
Total	15	195	5	20	235

Antall ganger klubbens ryttere har fått plassering på stemne

Gren	L-stemne	D-stemne	UK-stemne	K-stemne	Total
Dressur	8	19	2		29
Køyring		4			4
Sprang		60	1	1	62
Total	8	83	3	1	95

Klubbens resultater i Sogn og Fjordane Cup



I sprangcupen 2022 gjorde vi reint bord med seier i alle sprangcuper. I 70 cupen tok Agnethe og Ikaros sigeren, Mia fekk og plassering i denne med Kur. I 80 cupen tok Rakel og Focus sigeren mens Mia og Quintero sikra seier i 90 cupen.

Lucinda og Leik hadde ein fin sesong i køyring og tok seier i Lett dressurcup.

I dressurcupen blei det 2 plass i LB cupen på Mia og Kur.

Klubbens resultater i KM:

Dressur KM



KM dressur blei arrangert av Sunnfjord Hestesportlag første helga i november. Vi hadde med ganske mange startende på KM stevnet. 9 ekipasjer frå klubben deltok og vi var faktisk klubben med flest deltakere.

I KM Dressur gjekk Mia og Kur til topps i KM Junior/Ung Rytter og Amalie og Wendy tok ein flott sølvmedalje i KM Senior.



Sprang KM

Mia og Quintero tok sølv i KM Junior, Rakel og Focus tok sølv i KM Senior. KM Sprang gjekk av stabelen i oktober på heimebane denne gang.

Flora stilte også med lag i KM Sprang under pinsesstemne på Breim i mai, men det blei litt feilpoeng denne gang og ingen plassering på laget vårt.



Tur til Alvøen august 2022



Mia/Quintero, Mia/Leik, Agnethe/Ikaros og Rakel/Focus med heiagjeng/»sponsorer»/hesteeigar/trenar osv tok turen til sprangstemne i Bergen i august 22. Hos Alvøen Rideklubb. Vi forsynte oss godt med plasseringer og utmerkelser. Lørdag blei det 2 1.plasser til Agnethe og Ikaros, det blei ein 2.plass på Mia og Quintero og vi fekk ekstrapremie (10 gavekort i kiosken !!) pga utmerka heiagjeng. Søndag vant Agnethe og Ikaros kostymeklassen og tok 3 plass i 70 cm. Mia og Quintero rei inn til fin 5 plass i 85 cm og sikra seier i Alvøen rekruttcup. Mia med Leik og Rakel med Focus har høsta masse god erfaring og lærdom i løpet av helga. Gjengen har kosa seg Max i nydelig vær på flott stemneplass



Comeback

I november arrangerte Sunnfjord Hestesportlag stemne på Tefre Ridegard. Her deltok Mathilde på stemne igjen etter 6 år «stemnefri»



Klubbens resultater i NM Fjordhest

Mia og Kur deltok for første gang i NM Junior samandraget. Det gikk veldig bra. Mia og Kur havna som nr 2 av Juniorene i dressur og blei best av juniorene i sprang og dermed klarte Mia og Kur å ta bronse til tross for litt miss i køyredelen der dei havna sist av juniorene.

Lucinda og Mia starta også Leik i BUF 6 års. Med Lucinda og Leik sin innsats i dressur og køyring og Mia og Leik sin innsats i sprangdelen så holdt dette til 2 plass i BUF for Lyheims Leik. Lucinda var i tillegg delaktig i arrangementet som innleidd sekretariat under heile NM.



Meir stemnestatistikk

Rytter	Hester	Stevner	Starter
Agnethe Dypevik Steinhovden	1	11	36
Amalie Zakariassen Karstensen	1	2	5
Andrea Marie Fanøy Nordal	1	2	3
Bodil Anette Hovland Øren	1	2	8
Chamilla Nenah Winterthun Solheim	1	1	2
Elise Helen Larsen Æsøy	2	2	3
Hedda Løseth Østvik	3	4	5
Ina Christin Areklett	2	2	2
Julia Myhre Watnedal	1	1	1
Karoline Kvamme	1	3	11
Linnea Fimland Nordal	2	2	2
Linnea Smelvær	3	3	5
Linn Kristin Stavang	1	2	3
Lucinda Bjørnset Reksten	3	10	22
Mathilde Elisabeth Reksten Dale	1	1	1
Mia Sofie Terøy-Valberg	4	21	89
Rakel Hovland Øren	1	9	23
Sofie Hammerseth Øren	1	1	3
Vilde Gjervik Kvalsvik	1	3	7

Rakel om året 2022



Stevnesesongen 2022 har vært et eventyr! jeg personlig har kommet langt med meg skjøl som rytter, men og sammen med hesten min. Vi har gått fra å være en ustabil rytter i 80 cm da de bare var bom stopp og rytter ble usikker til og nå sette søkelys på 100cm, sesongen 2023. med god støtte fra medkonkurrenter og trenere har vi kommet langt. Jeg koser meg når jeg er på bana. målene mine har forandret seg gjennom sesongen etter som at jeg har vokst som person, men og sammen med hesten min! Og nå er måla kanskje ikke lenger å skaffe mest sløyfer, men å kose meg og presse meg selv ut av komfort sonen. For jeg har hørt at om måla du sette for deg selv ikke skremmer deg er de ikke store nok.

Sesongen 2022 har vært lærerik og morsom. Jeg har kost meg på stevner sammen med gjengen fra Florø. Reist på stevner både hit og dit. Vi reiste til og med til Bergen for å starte stevne! Da dette ikke gikk min vei fordi jeg hadde vaksinert hesten min den samme veken som avreise gikk det bedre for de andre i fra Flora som tok en del titler. Men med dette lærte jeg ny kunnskap. Jeg gjorde ikke en stor greie ut av det, men var heller med som støttespiller på sidelinjen.

Jeg har skjøl tatt en del første plasser sesongen 2022 bland anna vant jeg og Focus 80 cupen i sprang og fikk sølv i KM

senior.

Vi gleder oss til en ny sesong med nye eventyr og nye utfordringer.

Mia Sofie om året 2022

Nok et innholdsrikt hesteår er gått. Det har vært et spennende år, hvor eg har klart å nå mange av måla mine.

Det er kjekt å reise rundt på stevner i kretsen, vi har vært i Sogndal, pinsestevne på Breim, Eid og sunnfjord. Eg har startet både i køyring, sprang og dressur.



Vi har også vært i Bergen, Alvøen og startet sprang, første turen var på våren, eg og familien. Vi blei veldig godt tatt i mot av de som arrangerte. Det var mitt første stevne utenom kretsen og det var spennende å sjå nivået på de som rei. Eg hadde med quintero, vi starta 80 og 90 cm begge dager. Vi fikk med oss mange fine runder, erfaringer og til og med en 3dje plass. Her ville vi tilbake.

På høsten 2022 gikk turen tilbake til Alvøen, denne gang med hele 4 hester fra klubben og 3 ryttere. Eg med Leik og quintero, Rakel med Fokus og Agnete med Ikaros. I tillegg til treneren vår Lucinda og en hel heilagjeng. Det var ulike cuper på stevnet, blant annet rekruttcup som dag 1 gikk i 80cm og dag 2 i 85cm. Her vant eg og Quintero, et fint dekken og pengepremie. Eg var veldig fornøyd med alle rundene mine både med Leik og Quintero. I tillegg tok Agnete og Ikaros like godt plassering i alle klassene dei deltok i, inkludert premie for beste kostyme. Rakel hadde dessverre litt kluss med vaksiner så fikk ikkje starte, men de ordna sånn at ho fikk hoppe utenom konkurransen, for treningen sin del, noe som vi alle satt stor pris på. På stevnet fikk alle florø rytterne skryt i dommerbua for vi hadde så fin sits, men det vi også utmerket oss med var at vi var så flinke å heie. Under den eine premieutdelingen ropte de oss opp og vi fikk gavekort i kiosken fordi vi var så flinke å heie. Alt i alt ei fantastisk helg!

Et av måla mine for 2022 var å starte fjordhest NM. Alle kvalifiseringer var i boks og i år trengte vi ikkje å reise lenger enn til Mo I Førde. Eg starta juniorsammendraget og sprangdelen i BUF med Leik. Første del juniorsammendraget var dressur, her vart eg og Kur nummer 2 av juniorene og vi fikk en fin 6 plass. Andre delen var presisjonskøyring, det har vi hatt god kontroll på, men gikk ikkje helt veien, så vi havna sist av juniorene. Siste delen av juniorsammendraget er sprang, her gikk det virkelig min vei, eg og kur vant klassen og fikk bronse i vårt første NM. Sprangdelen i BUF sammendraget er i samme klasse som juniorsammendraget, det endte opp med nullrunder på begge hestene, så valgte å trekke Leik fra omhoppingen, da han uansett ikkje kunne klatra noe mer i BUF sammendraget. Leik gav virkelig alt denne dagen, for i tillegg til nullrunde i 80cm fikk han en fin 5 plass (plassering) i 70cm. NM veka var helt fantastisk, utrolig kjekt med så mange flinke fjordinger samla på en plass.

På høsten skal årets kretsmestere i dressur og sprang. I 2022 var det florø hestesportsklubb som arrangerte individuelt KM sprang, eg starta KM junior med quintero. Vi hadde en litt uheldig Start på dag 1 med 1 stopp og 1 riv, men uansett ingenting avgjort, da vi var to med likt antall feil. Dag 2 blei

det spennende, da vi skulle hoppe om gullet og sølvet. Desverre fikk vi 1 riv, mens den andre fikk feilfritt. Eg er uansett veldig fornøyd med sølvet.

Kun et par veker etter var det KM dressur på Mo. Eg var med i KM junior sammen med kur. KM junior går dag 1 i LB og dag 2 i LA. Dag 1 vart vi nummer 2 av juniorene og dag 2 vart vi også nummer 2, men da hadde hun som var over meg på dag 1 havnet under meg dag 2. Det endte med et overraskende gull i KM junior dressur.

Eg er fornøyd med alle ponnigulla mine og at eg er så heldig å få ri Leik i tillegg. Det har vært en svært innholdsrikt år, eg har opplevd mye med hestene og gleder meg til hesteåret 2023.



Takk for hesteåret 2022!